



– Berre vi gapar høgt nok så blir vi fort eit supperåd, seier Jon Aasen. Akkurat kor den grensa går veit nok Jon Aasen meir om enn dei fleste andre.

SENTRALBORD 57885310
TIPSTELEFON 951 74 910



Helgevakt

Tormod Flatebo
Tlf: 95 17 49 10

20

FJORDABLADET TORSDAG 19. SEPTEMBER 2013

Etterlyser engasjert ungdom frå Sogn og Fjordane

- Vi håper det finnes flere engasjerte ungdommar i Sogn og Fjordane enn det vi har sett så langt og oppmodar ungdommen frå Sogn og Fjordane om å komme på banen.

Dette seier Karolina Kvilhaug dagleg leiar i JobbUnder18 og jurymedlem i «Helt Sjef». «Helt sjef» er ein arbeidslivs- og inspirasjonspris for ungdom og som vert delt ut til ein yrkesaktiv person under 30 år som er eit inspirerende og initiativrikt leiareme.

I følgje ei ny Norstat-undersøking meiner 43 prosent av befolkninga i Norge at dagens ungdom er late. På Vestlandet seier 56 prosent at dagens ungdom jobbar mindre enn foreldregenerasjonen, medan 42 prosent meiner ungdom i Norge bør lære av svenskane når det gjeld arbeidsmoral og innsatsvilje. No engasjerer norske ungdommar seg for å motbevisse fordomane, men i Sogn og Fjordane er engasjementet lavt.

Arbeidslivspris

Undersøkinga er gjennomført i forbindelse med lanseringa av arbeidslivsprisen «Helt Sjef». Prisen blir gitt til en yrkesaktiv person under 30 år, som er eit inspirerende og initiativrikt leiareme. På tre veker har juryen i Helt Sjef motteke over 200 forslag på initiativrikt norsk ungdom. Juryleiaren i Helt Sjef gleder seg over engasjementet.

– Ungdom som gruppe har vore myteltag i ei eller anna form sidan Platons tid. Helt Sjef ønskjer å hylle og løfte frem nyskapande, engasjerte og arbeidsame ungdommar. Vi skal fokusere på ungdommar som vil noko og som kan vere framtidige leiareme, seier Shahzad Rana, juryformann i Helt Sjef og teknologidirektør i Microsoft Norge.

Berre fem nominerte frå Sogn og Fjordane

Nesten halvparten av dei nominerte kandidatane kjem frå Austlandet og flest er frå Oslo. Vestlandet har mange nominerte kandidatatar totalt sett, men frå Sogn og Fjordane er engasjementet framleis lågt.



Juryen i Helt Sjef: Rapparen Kaveh, Sverre Simen Hov i Lederne, Karolina Kvilhaug i JobbUnder18, Hanne Bjurstrøm, Kine Falch i Spirit, Shahzad Rana og Sharko Nejad i McDonald's. (Foto: Nils Fredrik Wisløff.)

FAKTA

- Ein arbeidslivs- og inspirasjonspris for ungdom
- Blir delt ut til ein yrkesaktiv person under 30 år som er eit inspirerende og initiativrikt leiareme.
- Helt Sjef-prisen skal hylle ungdommens engasjement, leiarevner og stå-på-vilje.
- Prisen blir delt ut for første gong i år.
- Helt Sjef er eit samarbeid mellom Ungdomsmagasinet Spirit, McDonald's og fag- og interesseorganisasjonen Lederne.
- Ei folkeavstemming, samt ein skal kåre vinnaren.

– Vi håper det finst fleire engasjerte ungdommar i Sogn og Fjordane enn det vi har sett så langt og oppmodar ungdommen frå Sogn og Fjordane til å komme på banen, seier Karolina Kvilhaug daglig leder i JobbUnder18 og jurymedlem i Helt Sjef.

Jentene i førarsetet

Meir enn to tredelar av dei nominerte ungdommane er jenter. Initiativtakarane bak kampanja etterlyser fleire initiativrike leiareme blant gutane.

– Det er veldig positivt med så mange jenter. Samtidig saknar vi fleire gutar og oppmodar også dei til å nominere seg sjølve eller ein dei kjenner, seier Kvilhaug og legg til at «Helt Sjef» er eit

samarbeid mellom Ungdomsmagasinet Spirit, McDonald's og fag- og interesseorganisasjonen Lederne.

Aktive på fleire arenaer

Felles for dei nominerte kandidatane er at dei er leiareme og har ein lidenskap for det dei driv med. Fleire av kandidatane får ros i nominasjonane for at dei tek vare på venane sine, er flinke på skulen og har ein jobb ved sidan av.

– Vi ser at kandidatane engasjerer seg i idrett og kultur på fritida, i tillegg til at mange er i full jobb. Nokon har starta eigen blogg, driv med frivillig arbeid, drøymmer om å opne fotogalleri eller er med i studentpolitikken.



Vi skal fokusere på ungdommar som vil noko og som kan vere framtidige leiareme, seier Shahzad Rana, juryformann i Helt Sjef og teknologidirektør i Microsoft Norge. (Foto: Nils Fredrik Wisløff.)

Det er mange gode kandidatatar, seier rapparen Kaveh, jurymedlem i Helt Sjef.

Helt Sjef-prisen skal hylle ungdommen sitt engasjement, leiarevner og stå-på-vilje. Det er første gong prisen arrangert. På kampanjesida www.heltsjef.com

kan ein nominere ungdom ein kjenner til prisen. Vinnaren blir kåra i Oslo i november og får 10.000 kroner til karrieresatsing, egen karrierecoach og en inspirasjonstur til Stockholm.